



# Maria Ramvi

Fødd 1921 i Sverige, kom til Fister eitt år gammal

Gift med Ivar Ramvi

Tre barn

Realskule på Sand, folkehøgskule, studenteksamen som privatist på Kongsgård, husmorskule, sjukepleiehøgskule.

Sjukepleiar, husmor

Maria Ramvi er frå Fister og slo seg ned i Sandnes i vaksen alder. Ho kom hit som kona til prosten. Vi har lært å kjenne ho som prestekone, forteljar, politikar, skribent og humørspreiar. Smilet og gleda er aldri langt unna. Ho har hatt petitartiklar i Stavanger Aftenblad, frå dei har vi teke med eit par utdrag.

## **GRÅTT HÅR TYDER IKKJE FORFALL?**

Det kan nok vera så ymist med det! Maria Takvam sa at ho tok til å kjenna seg gamal når ho kom på badet om morgonen og møtte heile slekta då ho såg seg i spegelen. Andre vil kanskje seia at det var då dei vart pensjonistar. Då tok den sosiale aldringsprosessen til. Den kjenneteiknast ved at kontaktnettet blir redusert. I alvorsame tilhøve fører dette til isolasjon og einsemd, og dette aukar med åra. Det er ingen som spør etter ein lenger, eller har bruk for ein. Det vi eldre kan, er gamaldags og unyttig. Nye arbeidsmåtar og ny teknologi gjer at vi fell mellom to stolar med det som vi kan. I gamle dagar kunne det derimot vera verd ei formue å få kjennskap til det den gamle hadde kjennskap til og kunnskap om.

I bladet «Pensjonisten» syner professor Peter H. Hjorth eit diagram over sjølvbiletets vekst og forfall. Kurva stig trutt og jamt oppover til 40-åra. Deretter går streken bratt nedover mot pensjonsalderen, for å nå lågmål i 80-årsalderen. Men sjølvbiletet veks etter at du har fylt 90! Ein har verkeleg noko å sjå fram til.

Sjølv om alle blir kasta oppi same sekken når ein blir pensjonist, er det ingen som er like. Ein blir meir og meir ulike di lenger ein lever. Dette med ulikskapen såg dei alt for fleire tusen år sidan. I Jobs bok i Det gamle Testamentet kan ein lesa «La alderen tala, og dei mange år forkynna visdom». Men Job individualisrar og seier vidare: «Dei gamle er ikkje alltid vise, ikkje alltid skjønar oldingen kva som er rett».

## **GLIMT FRÅ OPPVEKSTEN**

Eg er eldst i syskenflokken på fire. I fødselsattesten min står det at far er godseigar, det hadde seg slik: I dei tronge 20-åra kjøpte foreldra mine og eit venepar, Arne Vølstad og kona Magda frå Høyland, seg ein storgard attmed Vänern. Det var store forhold med seks hestar og tusen mål korn. Problemet var at dei ikkje blei av med kornet. Dei selde godset etter påtrykk frå mor, etter kort tid og med stort tap. Etterpå gjekk ferda heim til Fister. Far tok over ein part av hovudbruket, og han satsa på frukttrær og høns. Vi hadde masse høns, men berre ein hest og fire kyr. Eg hugsar godt når han fekk oppgjer for frukt om hausten, då mykje skulle betalast og mykje blei kjøpt inn. Vi kjøpte sekker av alt, salt, sukker og havregryn. Vi hadde ikkje så mykje pengar, men masse mat i huset. Einerrøykte skinker, pølser og nydeleg fisk som blei hengt opp til tørk eller røykt. Det var ein vedunderleg barndom, alltid med mykje folk rundt oss. Far spelte fiolin, han var organist og veldig kunstnarisk av vesen.

På Fister hadde vi ikkje bedehus. Vi hadde kyrkje, og menigheten kjøpte ungdomshus til oss. Der var det folkeviselik. Alle gjekk på bygdefestane, og alle snakka saman. Når det kom emissærar til bygda, var alle velkomne. Nokre bøygde kne, og nokre gjekk roleg og verdig ut når det blei sunge salmar. Andre juledag var det alltid juletrefest, då var heile bygda med fire generasjoner samla. Alle gjekk rundt juletreet, og då lukta det alkohol av nokre som gjekk i ringen. I titida var festen slutt. Dei unge blei att og tok ned julepynten, for den skulle ikkje brukast meir det året. Så kom trekkspela-

fram, og vi dansa. Det var frilyndt ungdomslag, og det har betydd mykje for meg å vera med der.

### SJUKEPLEIAREN

Eg er utdanna sjukepleiar frå Diakonhjemmets sjukehus. Denne lærestaden blei grunnlagt av hjelmelandsbuen, teolog Hartvig Halvorsen (1854-1910) i 1890 som Det norske Diakonhjem. Eg starta sjukepleiestudiet i 1943. Far lika det sånn passe. «Dei kjem til å sende deg ut i krigen, for du er så sterk», formana han.

Ferdig utdanna var eg i arbeid eit år før eg gifta meg. Gifte prestekoner skulle halde seg i heimen på den tida. Så kom det tre born, og dagane gjekk fort. Men då eg var i 50-åra og Ivar hadde stilling i Oslo, vakna sjukepleiaren i meg. Eg fekk eit vikariat som sjukepleiar på Oppsal sykehjem, der fekk vi opplæring og repetisjon. Det var ei interessant tid. Eg hugsar eg var med på eit prestemøte i Trondheim på denne tida. Alle biskopane var tilstades, og eg hadde biskop Alex Johnson til bordet. Eg fortalte at eg jobba på sjukeheim som vikar og var med i politikken. Og då ropte han ut over heile bordet, det var sikkert 40-50 stykker tilstades: «Hør dere, dere må høre». Heile bispekollegiet stoppa opp. «Her sitter Maria Ramvi og sier at hun jobber på sykehjem og er med i politikken. Gustava Kielland hadde snudd seg i graven!»

### PROSTEFRUE TIL SANDNES OG JÆREN PROSTI FRÅ 1978

Det var ein overgang å koma til Sandnes, og det var huset som var overgangen for oss. Vi kom frå ein Oslo-bydel, og der hadde vi budd i sameige. Det var fint nok



Maria Ramvi som nyutdanna sjukesyster  
Fotografi: Privat eie, fotograf ukjent

det, men i Sandnes fekk vi stort hus for oss sjølv med hage utafor. Slik hadde vi aldri budd tidlegare, det var fantastisk. Nett på den tida blei det slutt på bispinne- og prostinnetitlar. Og når folk sa prostinne til meg, lo dei alltid. Så var det dei to eldre mennene som på rame alvor sa, «så dette er prostinna».

## FOLKEMINNEGGRANSKING

Eg var aktiv i menighetsarbeidet og fekk mellom anna i stand faste dagar til folkeminnegranskning. Her kom folk eg kjende frå gudstenesta, men òg andre som ikkje var tradisjonelle kyrkjegjengarar. Eg var kjend med at Norsk etnologisk gransking sendte ut spørjeskjema knytt til det gamle arbeidslivet, og nå seinare om samtidas kultur og kvardagsliv. Dette gjorde eg meg bruk av. Kvar deltar fekk skjema som vart fylt ut, og eg samla dei inn og sende dei tilbake til Norsk Folkemuseum. Arbeidet var veldig inspirerande, for folk blei så ivrige og oppglødde. Det fine var at alle kunne vera med. På denne måten er det teke hand om mykje sandneshistorie, som ligg lagra for ettertida.

Folkeminne kan brukast aktivt i eldreomsorga. I dag stikk eg gjerne innom Gandsfjord eldresenter, tar ein kopp kaffi, kjem i prat med einkvan og lar praten sveipe innom korleis t.d. ymse arbeidsoppgåver blei utført før. Folk fortel, dei har gjerne ulik røynsle og likar å fortelja si historie.

## SENTERPARTIPOLITIKAR

I 1972 budde eg i Oslo og møtte Gunnar Stålsett. «Du er bondejente, Maria, du må koma og bli med i Senterpartiet». Ja vel, eg blei med og stod på bystyrelista i Oslo og enda som første varamann i helse- og sosialutvalet. Ryktet spreidde seg, og etter eit år i Sandnes var det val. Namnet mitt kom på lista og heile menigheten stemte på meg. Det var visst berre ein som fekk fleire stemmer enn meg. Det var få frå partiet, men gyseleg mange lause stemmer. Barnehagedebatten



*Maria Ramvi var aktiv i Senterpartiet, bildet er tatt i sommar 1988. Fotografi: Byarkivet i Stavanger/Rogalands Avis*

blømde. Senterpartiet var i mot, eg var for. «Det er ikkje rart de er i mot barnehagar, bestemor er heime, ho sit med sönemann i fanget. Men ungane blir ikkje intelligente på det viset». Det var ein kamp.

Dei hadde bestemødrer heime, kva skulle dei med barnehagar, Senterpartiet? Ein gong, i bystyret, handla debatten om gamleheim. Bebuarane måtte få dusja dei

dusja ikkje nok. Då tok eg ordet, gjekk fram og sa at før i tida bada folk i ein stamp til jul. Då klappa dei i salen. «Det er ikkje lov å klappa i bystyret», sa ordføraren. I dag er eg oppteke av jordvern. Dette må eg koma tilbake til, men tankane om jordvern var fjerne for meg for 30 år sidan, medan eg sat i bystyret i Sandnes. Men noko positivt kan eg sjå tilbake på.

### OPPTAKT TIL FRIVILLIGHETSSENTRALEN

I den tida eg var aktiv sandnespolitikar, dukka det opp ei NOU-stortingsmelding om frivillige organisasjonar. Eg var raskt ute, ringde Stortinget og fekk tak i meldinga. Eg reiste ein interpellasjon. Åtte til ti frivillige organisasjonar sa seg interessert i frivillig arbeid for eldre: Saniteten, Menigheten, Rotary, Bondelaget, for å nemna nokre. Det var eit allsidig engasjement. Nokre ville tilby bilskyss til lækjar og tannlege. Andre kunne tilby overnatting på et par timars varsel i tilfelle akutt behov. Idéane myldra.

All innsatsen var frivillig, arbeidsoppgåvane auka, og dette blei opptakten til Frivillighetssentralen i Sandnes, som blei den første i landet i sitt slag.

Frivillighetssentralen i Sandnes blir nå drifta av kommunen, har ein tilsett driftsleier, og dei frivillige stiller med gratis arbeidsinnsats.

### LEIRGAUKEN

Gandsfjord Eldresenter kom tidleg ut med eit lite blad for eldre. Bladet inneholdt aktuelt stoff for eldre i bydelen. Dette såg eg som ein god ide og fekk låna med meg ei avis. Eg meinte kommunen burde gi ut eit fel-

les informasjonsblad for alle eldre i Sandnes og tok saksa opp i bystyret. Det enda med at kommunen kjøpte seg inn i Gandsfjord Eldresenter sitt blad, og snart var eit felles opplysningsblad for eldre i Sandnes ein realitet. Det vesle heftet, Leirgauken, kjem ut ein gong i kvartalet, blir sendt gratis ut til alle som har passert 67 år. Bladet har med nytt frå eldrerådet, aktivitetsplanar for alle eldresentra i kommunen så som middagsservering, kurs, føredrag, frisør, fotpleie, reiseklubb og dagsturar. No i sin 32. årgang framstår Leirgauken både nyttig og tiltalande for ei viktig folkegruppe.

### JORDVERN OG KJENSLER

Dei fleste av oss har vel sterke kjensler for jorda og det som gror og veks nå om sumaren. «Eg er ein mann av



Maria Ramvi har alltid vore glad i musikk og set seg framleis ved pianoet for å spela ein trudelutt i ny og ne.

mold». Og finare enn det Knut Hamsun seier i «Markens Grøde», kan snautt gjerast: «Her vokser alt, mennesker, dyr og grøde. Isak sår. Kveldssolen skinner på kornet, det stritter ut av hans hånd i bue og synker som gulldryft i jorda ... Skogen og fjellene står og ser på. Alt er høihet og velde, her er sammenheng og mål.»

Då «Markens Grøde» kom ut i 1917, hadde det nettopp vore krig og matmangel. Regjeringa grep til tvangsdyrking for å auka matproduksjonen. Til og med Slottsparken blei pløgd opp til åker. Vi som opplevde siste krig, fekk og sjå at det var vanskeleg med mat tilfanget og at hagar og plenor måtte nyttast. Når ein reiser med fly over landet vårt, ser ein tydeleg at det meste er fjell og vatn. Kan det på nokon måte forsvaret at ein omdisponerer dyrka mark?

Johan Bojer skildrar i «Vår egen stamme» husmannen Kal Skaret, då han seinare kom til Amerika til prærien og vart tildelt seks hundre mål jord å setja plogen i. «I hodet på han spørte det bare av åker og åker uten ende. Nå vil han helst få heile verda skapt om til åker og mat.» Ja, slik tenkte ein som svalt i gamlelandet, og slik drøymer nok millionar av menneske i verda i dag. Kornlageret i verda er nå så lågt som det aldri har vore i historia. Sjølv etter rekordavlingane i 1996 lever mange frå hand til munn. Kornlagra i EU-området er faretruande lågt. (Worldwatch Institute). I land som Norge med god kjøpekraft merkar ein lite til dette ennå, men vi bør innsjå at den innanlandske matproduksjonen vil bli stadig viktigare og at vi må ta vare på dei små jordbruksarela vi har. Her dreier det seg om nasjonal sikkerhetspolitikk.

Vi som er eldre i dag, har kanskje meir sans for jordvern enn dei unge. Mange av oss har sett far eller bestefar dyrka jorda med eigne hender. Dei sleit med spett og spade. Steinbukken var på plass. Dei minerte og skaut og steinsette grøfter. Kvinnfolka var og ofte med. Vi minnest hendene, slik Anders Hovden seier det «Handi hans far min, - ho ligg og skin i mitt minne no, så fin som ein perlestein.»



På terrassen i Langgata har bokfinken bygd seg reir i det grøne.

Det eg har hatt lyst til å bli her i livet, er ei sjukesyss-  
ter som gjekk i gatene. Tenk å ha vore som Mor Teresa.  
Eg tek ein tur på Ruten, eg. «Oi sann, eg må kvila»,  
seier eg berre. Og så har eg kjøpt ein tjuepakning og  
sender røyken rundt. Eg seier: «Gud velsigne deg, og  
deg». Eg fortel litt om meg sjølv, snakkar gjerne om  
Gud og godt kristeleg samhald. Vi har det så skjønt, eg  
elskar slikt. Eg er litt halvgalen sjølv, men å møta andre  
då, og berre vera seg sjølv og ha det gøy. Dette unner eg  
nokon kvar å oppleve.

## **ALDERDOM**

Eg er veldig positiv og liker godt å orsaka ting. Det kan  
vera både positivt og negativt at eg har den innstillinga.  
Og når det gjeld religiøse saker, så ser eg mykje breiare  
på alt, ikkje så einsidig lenger. Eg føler at Gud, han er  
ånd. Og Guds ånd er i alt, og eg trur at Gud talar si ånd  
gjennom menneska, gjennom naturen, gjennom alt. Eg  
er blitt veldig tolerant overfor andre. Eg er på en måte  
ein kristen agnostikar.

Helsa er bra, og eg slepp å gjera meg bruk av kom-  
munale tenester som er tiltenkt oss eldre. Golvvask og  
støvsuging blir mi form for trim og skjer i mitt tempo.

Eg tykkjer eg har hatt eit godt liv, men mennesket  
kjem ikkje gjennom livet utan vanskar. Eg vil avslutte  
med kloke visdomsord frå biskop Eivind Berggrav:

«Hvor der er liv, er der alltid noe som visner og noe  
som gror. Det gjelder derfor om at vi godtar det som  
visner og konsentrerer oss om det som gror.»